

## **Tannpleiarstudentane sin evaluering av undervisninga i allmennodontologi (TPBAALM)**

Viser til tannpleiarstudentane kull 3 sin evaluering av faget, gjennomført hausten 2018. Svarprosenten er liten, 12 av 30 har svart.

Mine kommentarar til rapporten, etter møte 17. desember med almennkoordinator Kjetil Reisegg og førsteamanuensis Ferda Gülcan frå Seksjon for forebyggende tannpleie, gerodontologi og samfunnsodontologi:

### **Læringsutbytte:**

Ca. 40% av respondentane (5 stk) tykkjer læringsutbyttet i emnet er dårleg eller svært dårleg. 40% meiner det er godt. Dette gjenspeglar seg også i spørsmålet om nytten av forelesningane i emnet. Her har vi ein utfordring til å tilpasse undervisninga meir til tannpleiarstudentane. Sidan undervisninga (som i vårt tilfelle er morgonseminar) er felles med tannlegestudentane, kan dette av og til være vanskeleg. Men vi har diskutert og kunne tenkje oss at Seksjon for forebyggende tannpleie, gerodontologi og samfunnsodontologi også bidreg til desse seminarane, slik at tema kan bli litt meir tilpassa begge grupper. Men vi meiner at dei fleste tema som er tekne opp er relevant for begge studentgrupper.

### **Arbeidsmengde:**

Ca. 70% meiner arbeidsmengda er for stor i emnet. Dette er nok relatert til klinikken, der det er ein felles oppfatning frå kommentarane i undersøkjinga at produksjonskrava er for store i forhold til tilgjengelege pasientar og økter. Vi skal sjå på krava, og er i ferd med å revidere denne lista.

### **Krevjande teneste:**

Størstedelen av respondentane tykkjer emnet er krevjande samanlikna med andre emner. Dette kan ha samband med det som er nevnt i punktet over.

### **Tilbakemelding frå lærar:**

73% rapporterer at dei ikkje har fått tilbakemelding i emnet. Dette har nok samband med at undersøkjinga har blitt gjort i løpet av hausten, noko som er tidleg i emnet. Alle studentane har hatt evalueringssamtale i løpet av månadskiftet november/desember 2018, og det skal være ny samtale i april.

### **Måten tilbakemeldingane vert gjeve på:**

Over 80% av respondentane er ikkje nøgd med måten tilbakemeldingar vert gjeve på. Dette er ikkje bra, og her er kalibrering av dei kliniske lærarane eit viktig tiltak. Dette kan vi sikkert bli endå betre på, men det er igjen viktig å være klar over at undersøkinga er gjort tidleg i allmenn-perioden, der mange nye pasientar og studentar alltid gjer at det er travelt på klinikken, og at det vert lite tid til skikkelege tilbakemeldingar. Vi skal ta opp dette på generelt grunnlag med alle lærarkrefter som er involvert i allmenn-klinikken. Vi meiner også at innføring av «økt-skjema» kan være eit godt hjelpemiddel i tilbakemeldingar.

### **Lærarstøtte:**

Eit fleirtal av respondentane er ikkje nøgd med lærarstøtten i emnet, men dette har nok også samband med det som er nevnt i punktet over. Manglande kalibrering blant lærarane vert nevnt i kommentarfeltet, og dette er sjølvsagt noko vi kan gjere betre. Jevnlege kalibreringsmøter er ønskeleg.

### **Klinikksekretærstøtte:**

Eit fleirtal av respondentane er nøgd med støtten frå tannhelsesekretærene, og det er svært bra. Tannhelsesekretærene er ein viktig ressurs i klinikken og undervisninga.

### **Ventetid:**

36% av studentane tykkjer det har vore mykje venting på lærarhjelp, og det vert antyda ein ventetid på mellom 5 og 20 minutt. Dette er noko som alltid vil være eit problem, men vil som nevnt over være eit større problem tidleg om hausten, då denne undersøkinga er gjort.

### **Fysiske arbeidsforhold:**

Her er dei fleste respondentar nøgd eller nøytrale.

### **Oppsummering:**

Sjølv om svarprosenten på denne emneevalueringa var låg (40%), ser vi ein tendens til at tannpleiarstudentane ikkje er heilt nøgd med undervisninga i emnet. Dei føler at den

teoretiske undervisninga (morgonseminar) er mest tilpassa tannlegestudentane, og saknar relevante tema for dei. Eit anna problem som vert teke opp er for store arbeidskrav i klinikken i forhold til tilgjengelege pasientar og klinikkøkter. Manglande tilbakemeldingar og lite kalibrerte lærarar verkar også å være eit problem.

Ein meir tilpassa teoretisk undervisning kan bli mogeleg på morgonseminar dersom Seksjon for forebyggende tannpleie, gerodontologi og samfunnsodontologi vert meir involvert i desse seminara. Eit forslag som er komt er at tannpleiarstudentar t.d. kan bidra med å presentere bacheloroppgåver på desse seminara. Samstundes er det etter vår meining slik at dei fleste tema som vert tekne opp er relevante for begge studentgrupper. Men frå forelesarane si side er det viktig å synleggjere dette, og rette merksemda mot begge studentgrupper.

Når det gjeld kliniske mengdekrav kan vi sjå at desse kan være litt høge i forhold til den tida og dei pasientane som er tilgjengeleg. Vi er i gang med ein prosess der vi vurderer desse, og kutter sannsynlegvis ned på nokre punkt. Det vert poengtert at ein del av krava også kan utførast på fagspesifikke pasientar.

Det vert i rapporten påpeikt manglande informasjon frå dei ansvarlege. Her meiner vi at informasjonen er lagt til rette på ein god måte. Det har vore eit oppstartsmøte for alle studentar våren 2018, og dette er alle studentar informert om. I tillegg er det utarbeidd eit hefte «Introduksjon til allmennodontologi», der mykje relevant informasjon er tilgjengeleg. Men det er sikkert forbettringspotensiale her også, og det skal vi jobbe med framover.

Kalibrering av lærarar og tilbakemeldingar vil alltid være ei utfordring, men vi skal jobbe med dette blant anna i form av kalibreringsmøter.

Bergen, 29.01.19

Torgils Lægreid

Førsteamanuensis – kariologi

Emneansvarleg Allmennodontologi